

Modalen kommune
Postboks 44
5729 MODALEN

Dato	31.08.2023
Vår referanse	2023/73171-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Katrine Helle Riber
E-post	Katrine.Helle.Riber@vlfk.no
Telefon	91880730

Oversending av søknad om endra bruk av avkøyrsløse - fv. 569 - gnr. 76 bnr. 101 - Modalen kommune

Me viser til vedlagt søknad og telefonsamtale med sakshandsamar i kommunen 30.08.2023.

Saka gjeld

Det er søkt om formalisering/godkjenning av eksisterande avkøyrsløse til gnr. 76 bnr. 101, samt dispensasjon frå byggjegrense mot fylkesveg. Tiltaka ligg i regulert område og krev avklaringar høve plan- og bygningslova. Det er ikkje naudsynt med særskilte løyver etter veglova, og søknaden vert difor oversendt kommunen.

Vurdering

Gjeldande reguleringsplan har regulert avkøyrsløse til næringsområdet og innteikna byggjegrense mot fylkesvegen. Dersom tiltaka er avvikande/i strid med dei regulerte løysingane, skal kommunen sende saka på høyring til fylkeskommunen, jf. plan- og bygningslova § 19-1. Vår vurdering er at omsøkt avkøyrsløse ikkje er i samsvar med regulert løysing. Det er også planlagt for tiltak innanfor byggjegrensa. Me ventar å få saka til uttale når kommunen har gjort sine vurderingar.

Foreløpig merkar me oss at dagens avkøyrsløse er utflytande, og området framstår som uoversiktleg. Reguleringsplanen er vedteken i 1998 og regulerte løysingar er ikkje i samsvar med gjeldande handbøker. Vi føreset at avkøyrsløse vert opparbeida i tråd med dagens krav, og at intensjonen om ei felles avkøyrsløse til næringsområdet vert vidareført. Fylkesvegen forbi området ligg i haldningsklasse 4 «lite streng», og rammeplanen seier at tiltak ikkje bør etablerast nærare enn 15 meter frå vegmidten. Gjeldande reguleringsplan har innregulert byggjegrense på 12 meter. Kommunen bør ikkje opna for tiltak innanfor byggjegrensa, då regulert byggjegrense er nærare vegen enn kva dagens rammeplanen i utgangspunktet opnar for.

Med helsing

**Eva Sundal for
Ann Kristin Nes**
leiar
INV - Forvaltning Vestland

Katrine Helle Riber
Overingeniør
INV - Forvaltning Vestland

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Søknad_om_avkjørsel.htm
- 2 situasjonsplan_CCF_000091(2).pdf

Kopi til:

ARNE MJELSTAD

OLDRANE 31

5281

VALESTRANDSFOSSEN